



Tilleggsuttale til Vaksdal Kommune sin høyringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Bergsdalsvassdraget, Torfinnsvassdraget og Eksingedal –og Teigdalsvassdraget.

Vår ref: 0122

Stamnes 05.02.22

Hordaland Grunneigar og sjølaskefiskarlag ynskjer å komma med innspel til ein tilleggsuttale til konsesjonsvilkåra for vidare drift av kraftanlegga i regionen. Vaksdal Kommune sin uttale er mangelfull og ein del punkter er for svake om ein skal få til betring av skadane.

Sidan utbyggingane har starta har det medført store konsekvensar for elvane og fjordsystema rundt Osterøy. Vaksdal Kommune har to gode lakseelvar som er sterkt påverka av utbyggingane, samt den nærliggande Vosso som renn gjennom Kommunen via Bolstadstraumen. Bergsdals vassdraget vart regulert alt i 1928 med fleire oppgraderingar gjennom åra. Torfinno vart overført til Bergsdalen i 1932. Evanger kraftverk vart starta med Volo og Teigdalsvassdraget i 1969, og vidare tilført vatn frå Grøndalen, Akjellalsvatnet og til slutt Skjerjevattn med Holskar i 1988. Siste utbygginga medførte at det renn betydeleg mindre vatn ned i Eksingedalen gjennom Ekso og mindre til Modalen. Men tilført mykje meir vatn til Vosso. Alle desse reguleringane i sum har medført at mykje er forandra og belastninga for området er for stor i forhold til kompensierende tiltak. Regulanten tek mykje og gir lite attende. Områda består mykje av små grender som siste åra er prega av fråflytting og verdi tap av eigedommane. Når fising ikkje er tillate går store verdiar tapt både for elveeigarar og for sjøeigedommane. For Vaksdal kommune sin del var elfefiske viktig og ikkje minst det spesielle sjøfiske var stor og gav god inntekt med mange arbeidsplassar. No ligg dette brakk og uttalen til Kommunen visar lite av kor viktig dette fisket var. Ein stor del av årsakene er at oppvekstvilkåra i elvane er sterkt prega av utbyggingane og det svært viktig med kultivering for å oppretthalde stammene til betre forhold er oppretta. Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag vil her komma med tiltak som må drøftast og bør komma med som eit tillegg til vedtatt uttale. Dei er basert på lokale innbyggjarar og fiskarar som har god kunnskap om korleis det var før og korleis det er no. Det er store forskjellar som har sjedd gradvis med utbyggingane, både lokalt og regionalt. Det kan ikkje vera tvil at årsakene er alt som er med elvane. Om ein ikkje kjem med konkrete krav ser ein ikkje at fiskestammene klarar seg og kjem opp att på haustbart nivå. Regulanten har siste åra synt at dei er lite villige til å ha strengare vilkår, og dei vil helst auke produksjonen, og fjerne pålegg, noko som vil forverra situasjonen. Det er no me kan retta opp att noko av skadane.

Tiltak som bør med:

- **Sikra vidare drift av klekkeriet på Dale med utviding til også å gjelde sjøaure.**
Denne elva nådde botn på 1980 talet med fangst på berre ein laks heile sesongen. Dersom det ikkje hadde vore for den formidable jobben som er utført siste åra av DJF hadde denne elva vore tom for fisk. Vidare driftsavtale må også innehalde laks men også kultivering av sjøaure. Den må også innehalde at ein nyttar sleping av smolt ut til betre områder i sjøen heilt til årsakene til smoltdød er funne og tiltak utført.
- **Minstevassføringa i Daleelva må sikrast stor nok i perioden for smolt utgang.**
Normalt i perioden 10.mai – 10.juni. Ei av årsakene til nedgangen i laksefisk i elva er at normale vårflaumar er borte pga kraftutbygging. Dette har medført at smolten ikkje kjem seg ut til rett tid, den har ikkje rette straumen i fjorden og får lengre opphaldsperiode her. Då er han eit lett bytte frå predatorar som dyr, fugl og ikkje minst andre fiskesortar. Berre eit fåtall kjem seg ut til havet på eige hand.
- **Krav om minstevassføring i Torfinno som naturleg renn til Vosso.**
Overføring av Ljosvatn og Holamavatn i Torfinno til Bergsdalsvassdraget har medført tørrlegging av Torfinno. Dette er ei sideelv til Vosso og det var ei viktig oppveksel for yngel og smolt i Vosso. Denne er no tørrlagt pga utbygging og overført anna vassdrag.
- **Ekso må få ein driftsavtale med drift av klekkeri og kultivering av laks og sjøaure.**
Bestanden her er minkande og gir ikkje overskot til fiske. Drifta av kraftstasjonen er hovudårsak til at laks og sjøaurestammene er omtrent borte. Dette punktet må vera klar på at det **må drivast klekkeri** med rogn frå rette genar frå Ekso. Denne stamma inneholdt stor fisk, men er litt slankare i buken i forhold til Vossalaksen.
- **Sideelv med bekkeinntak ved Leiro må det etablerast minstevassføring.**
Elvane frå Fjellfossen og Steinstodalen er tatt inn til Myster kraftverk via tunnell og bekkeinntak. Denne renn naturleg ned til Myster som ei sideelv til Ekso. Her er viktige gyte og oppvekstområder for både laks og sjøaure. Denne må sikrast minstevassføring med kontinuerleg overvaking. Det nyttar ikkje med manuelle ventilar som i dag. Det virkar ikkje når vassmengda forandrar seg raskt. Her må regulanten modifisera anlegget og få pålegg om å visa at dette virkar over tid.
- **Laksetrappa ved Høsefossen må modifiserast slik at den virkar. Samt at det må leggest til rette for fiskevandring i Raudfossen.**
For å kompensera for redusert lakseførande strekning og oppvekstområder må det tilretteleggast for utviding av lakseførande strekning. Regulanten må påleggast at dette blir utført på ein slik måte at det blir dokumentert at det virkar.

- **Ved smolt utgang må det være tilstrekkeleg tilsig til Nesevatn slik at minstevassføringa er god nok til at smolten kjem seg avgårde til rett tid.**

Normal smolt utgang skjer i tidsrommet mai – juni. Det er mange faktorar som bestemmer dette, som vassstemperatur, lys, størrelse for fisken mm. For å unngå stranding må produksjonen i denne tida vera jevnare. Det må vera tilstrekkeleg med vatn slik at smolten kjem seg utover på mint mogleg tid. Fisken er lett bytte for predatorar og lakselus. Her kan ein visa til samanheng med tilstrekkeleg vassføring og sjøoverleving. Om ein har lite produksjon av smolt i elva pga lav vassføring, og i tillegg ikkje har straum som hjelper smolten utover si lange vandring mot havet, blir det lite smolt som overlever. Ein kan også visa til at smolten er svært utsett for lakselus i denne vandringa, og er det for lite ferskvatn/brakkvatn i fjordsystema pga utbygging er dette er umogleg oppgåve å få til.

- **Pålegg om minstevassføring i Askjeldalvatn.**

Her står det at NVE skal vurdere kost / nytte verdien for landskap, friluft opp mot kraft produksjon. Her må ein inkludere nytteverdien av minstevassføring frå Askjeldals vatn til at dette vil hjelpe på heile elvestrekkninga, for innanlandsfisk, mindre vekst av gras, og ikkje minst at Nesvatn får meir tilsig ved lite nedbør. Det vil gje betre forhold for lakseførandre strekking og meir vatn for den auka vassmengda som trengs ved smolt utgang om våren. Ein kan ikkje skriva at det skal vurderast kost/nytte. For det er umogleg å samanlikne dette opp mot kvarandre. Teksten her må fjernast, og det skal vera pålegg om minstevassføring frå denne dammen.

- **Under punktet gassovermetting ved Myster Kraftstasjon.**

Her må det inn krav om gode nok løysingar for å hindre gassovermetting. Dette punktet er svært viktig å pressisera at løysingane virkar. Det har nok over tid vore mykje hendelsar her som ikkje er dokumentert. Det var heilt tilfeldig at den kjende saka i media vart oppdaga. Kor mange gongar har dette sjedd utan at det har vore oppdaga? Natteetid osv. Løysingane som er presentert etter hendelsen er ifølge regulanten at det ikkje kan skje igjen. Ved kontinuerlig måling av vatn ut frå kraftstasjonen. Men dei er på ingen måte gode nok. Dersom ein målar gassovermetting ved utløpet er skaden allereie sjedd. Dersom heile sjakta med vatn er fylt med luft/vatn er det nok til å fylle elva nedstraums stasjonen mange gonger. For den må jo tappast ned for å fjerne problemet. Regulaten må påleggast å vise til god nok opplæring og overvaking som er god nok til at dette aldri kan skje. Inntaket ved Nesvatn må modifierast slik at luft ikkje kan komma sugast inn. Rista blir fort full av tilført skit/trær etc og det må inn gode nok rutinar for reigjering. Ved nevnte hendelse hadde regulanten mange indikasjonar på at noko var gale lenge før det hende. Likevel sjedde det. Mykje tilførsel av ting som havnar i rista vil auke vidare ettersom elvebredda vekst til pga lite tilført vatn pga oppdemming og som ved flaum vil renske med seg mykje på vegen ned den lange dalen. Det må påleggast ombygging av inntak og nytt system for reingjering. Opplæringa og

systemforståelsen for kva som skjer må opp hjå operatørane, ein ser lite av verknadane frå ein skjerm i Solheimsviken.

- **Overvaking og forskning på kva kraftutbyggiane har gjort med fjordsystema.**

All utbygging og forandring av vasstilførsel har gjrot at mykje er forandra sidan utbyggingane starta. Det må innførast forskning på kvifor brisling stamma forsvant på 80-talet. Og finna ut kva som må til for at den kan etablera seg att slik som før. Den var ei stor matkjelde for all fisk i fjorden. Når den er borte tek for seg av andre artar, eg et smolt og aure. Den var også mat tilgang for sjøauren som har mykje av sjøtida si i fjordsystema. Det var også fleire fisklag ved fjorden som har mista si kjelde til å driva fiske. Denne forskinga må også innehalde kva dette har gjort med vasskvaliteten når vasstilførselen er så varierende. Det er terskel fjordar og utskifting av vatn har forandra seg. Både Sørfjorden og Bolstadfjorden har dårlege tilhøve i nedre sjikt.

- **Overvaking og forskning på kva utbygginga har gjort med den lokale aure stamma i Bolstadstraumen.**

I Bolstadstraumen ved Stamnes er det ei heilt spesiell lokal brunare stamme. Den oppheld seg her lokalt og gyt i straumen. Kva innvirkning har utbyggingane hatt for denne ?

- **Det må opprettast eit eige fond for å ta vare på heile kulturen som var med fiske etter laks og sjøaure i regionen.**


Etter all utbygginga av elvane og laksen sin tilbake gang sit grunneigarar og fiskarar att med lite og ingenting. Her er utstyr og kunnskap som krev mykje vedlikehald for at det ikkje skal forsvinna. Det er mange gang bruar, hus og hytter langs elvane, båtar og naust, laksegiljer og nøter. Dette er viktig å ta vare på og regulanten har ei viktig rolle her sidan stammene ikkje gir overskot for fising etter utbygging. Det er mange som forsatt er inntressert i dette og ynskjer å halde dette i live til laksen er attende.

- **Det må etablerast bidrag til båtrute for å hindre at fjorden frys til om vinteren.**

Fjordsystema er sterk forandra både sommar og vinter. Eit stort problem er ferskvatn i øvre lag om vinteren. Det medfører at fjordane frys lettare til enn før. Men isen er utrygg då det er stadig forandring i vasstilførsel gjennom året. Det bur framleis folk på plassar utan veg, og deira ferdselveg er forandra opp gjennom åra, og isen er for utrygg til å brukast. Det er også begrensa tilkomst for andre innbyggarar då den frys fortare. Hadde det ikkje vore for båtruta i fjorden hadde den frose heilt att kvar vinter. Det må etablerast tilskot til drift av båtrute frå regulanten då dette er direkte årsak til ulempene.

Kommunane Vaksdal, Bergen, Voss, Modalen Osterøy og Alver som ligg i områder der all kraftutbygginga har medført store inngrep, bør støtta sine felles uttalelsar og ha samtalar før utfallet til NVE kjem. Her må der vera klare krav som regulanten blir nødt til å følgja. Kommunane har eit særskilt ansvar for å ta vare på naturen og innbyggerane sine. I dette området har det vore så store utnyttingar av naturen at det bør vera rom for å få noko attende.

Bilder frå Dale elva tatt våren 2021 då det skulle vore mykje vatn. Smolten skal begynna si farefulle ferd mot havet. Det ser svært vanskeleg ut. Den får ikkje mykje hjelp.



Vossa laks teken i Ekso i 2016 når den var open nokre år. Det var nok mykje Vossalaks som feilvandra som utgjorde at elva kunne opna. Den vart stengt att i 2018. Så det hastar med tiltak i denne elva.



Ref punkt: Anadrom strekning nedstaums kraftstasjonen – Dalevågen. Her står i uttalen til Kommunen at det er regulert fiske i Daleelva, men det er fritt fram i Dalevågen. I vedlegget under visar det at det er alt fiske er forbode innanfor 100 meter sona for elvemunninga. Det er også særskilde reglar for fiske heilt ut til ei linje mellom Stanghelle kai via holmen til Steinsvertet. Dette er feil i uttalen.

§ 1. Fiskereglar

Utanfor alle vassdrag der det går anadrome laksefisk gjeld følgjande fiskeregel:

Ut til 100 meter frå grensa mellom elv og sjø (elvemunninga), er alt fiske forbode unntak stongfiske frå land i fiskesesongen i vassdraget. Låsetting av fisk er ikkje å forstå som fiske, og er difor tillete så lenge det ikkje stengjer for oppgang av fisk til vassdraget.

I fredingssonene omtala under § 3 nedanfor gjeld følgjande fiskereglar utafor 100-metersona heile året:

LOVDATA		Søk etter lover, forskrifter, dommer, stortingsvedtak, tariffavtaler m.m.	
Forskrift om fiske ved utlaup av vassdrag med anadrome fiskeartar, Hordaland			
Vaksdal	Daleelva	Frå grense elv/sjø (elvemunninga) i Daleelva og ut til ei linje som går frå eit punkt i Stanghelle kai via austre pynten av Holmen og vidare i rett linje til eit punkt ved Steinsvertet. (UTM: LN208 171 til LN206 176.)	4000
Vaksdal	Ekso	Frå grense elv/sjø (elvemunninga) i Ekso og ut til ei linje som går på tvers av Eidsfjorden i nord-vestleg retning frå Litlevikneset til Långaskjere. (UTM: LN247 360 til LN244 363.)	1400
Voss/ Vaksdal	Vossovass- draget	Frå grense elv/sjø (elvemunninga) i Vossovassdraget og ut til ei linje ved Stamnes som går i nordleg retning frå nordspissen av Kuvikneset til sørspissen av nes vest for Hårahedlo. (UTM: LN219 296 til LN220 300.)	ca. 13000

Sjøaure fiska i Osterfjorden vår 2021. Full av lus og i dårleg stand. Luse oppblomstring i fjordsystema pga oppdrettsdrift og for lite tilførsel av ferskvatn pga kraft utbygging.



Lakse fisket var svært viktig for Kommunen og lokalfolket, men vart stengt i sjøen i 1991. Der største grunnen til kollapsen til stammene er all kraftutbyggingane.

Vossalaks teken med not på Stamnes iforbindelse med prøvafiske



Laksenota Skolmen, Vikafjorden, Stamnes.



Frå gammalt av har Gulatingslova omhandla vassrettar. Den slo fast at det var forbudt å lede bort vatn frå vassdrag. Lova vart vidareført i Landslova av 1274 og ytterlegare detaljert i Christian Vs Norske lov frå 1687.

Mvh

Geir Magne Gammersvik

Hordaland grunneigar og sjølaskefiskarlag

Stamnes